



SOGN REGIONRÅD

Styringsgruppa for Sogn for alle Møtereferat

Møtenummer: 1/2020

Møtedato: Onsdag 3. juni 2020

Tid: Kl. 12:00 -14:30

Stad: Kommunestyresalen, Sogndal kommunehus

Deltakarar:

Ordførar: Hilmar Høl, Årdal kommune

Rådmann: Øistein Søvik, Vik kommune

Flyktingteneste: Turid Stigen Sørensen, fagleiar Aurland/Lærdal flyktingteneste i NAV

Næringsapparat: Torgeir Skålid, dagleg leiar Sogn Næring

Vidaregåande skule: Torill Thorbjørnsen, rektor Høyanger vidaregåande skule

NAV: Sara Johnsborg, leiar NAV region Sogn

Frivillig organisasjon: Bjørg Eikum Tang, Sogndal Røde Kors

Næringsliv: May Britt Torsnes, Nyrstar

Sogn regionråd: Karina Nerland, dagleg leiar og Heidi Myrvold, prosjektleiar

Forfall: Jan Heggheim, fagdirektør, avdeling for innovasjon og næringsutvikling, Vestland fylkeskommune.

Sak 1/20 - Opning

Presentasjon av deltakarane

Sak 2/20 - Orientering om prosjektet *Sogn for alle*

Orientering om bakgrunn for prosjektet og prosjektplanen. Presentasjonen er lagt ved.

Sak 3/20 - Styringsgruppa – mandat og oppgåver

Framlegg til mandat og oppgåver var utsendt til møtet. Innspel og drøfting i møtet:

- Styringsgruppa har eit overordna ansvar for retning og prioriteringar i prosjektet.
- Dei to punkta som handlar om å informera, forankra og koordinera tiltak i eigen organisasjon vart drøfta. Representantar i styringsgruppa frå frivillig sektor og næringsliv si viktige oppgåve vil vera å bidra med kompetanse og erfaring til prosjektet. Det er ønskeleg at representantane bruker dei arenaer /møteplassar som finst for å forankra arbeidet, ikkje forventa at det skal etablerast nye.
- Ein kommunikasjonsplan som får fram kven styringsgruppa skal kommunisera med.
- Det vert oppretta ein ansvarleg i styringsgruppa for kvar av arbeidspakkane.
- Møtereferata frå styringsgruppa vil gå til politisk og administrativ leing i kommunane.

Det var tilslutning til framlegget. Mandatet går som sak til rådet i neste møte.

Sak 4/20 - Innspel og drøftingar til vidare arbeid

- Prosjektleiar møter kontaktpersonane for å få fram behov og ressursar i kommunane. Resultat av kartlegginga vil bli lagt fram for styringsgruppa i neste møte.

- Oppgåvene til kontaktpersonane vil bli tydelegare definert. Det blir eit fellesmøte med kontaktpersonane til hausten.
- Kommunane har eit viktig ansvar for kontakten med frivillig sektor og næringsliv.
- Konkrete tiltak som kan startast med er bedriftsnettverk, mentorordning og etablerarkurs. Fylkeskommunen har løyvd midlar til mentorordninga.
- Førebuingar til ein konferanse er i gang, jf prosjektplanen om *kick off* arrangement.
- Fordeling av arbeidspakkane i styringsgruppa startar i neste møte. Det kan vera avgrensa kor mykje operativt arbeid styringsgruppa har tid til.
- Få fram dei gode eksempla i kommunane og bli flinkare til å dra vekslar på kvarandre.
- Må rette ulike tiltak til flyktningar og innvandrar.
- Kommunane er ulike og det må liggje til grunn for arbeidet.
- Forankring av prosjektet i kommunane må vera i fokus. Ny forankringsrunde no når prosjektet er starta opp for å få fram engasjement og interesse.
- Jobba med kommunikasjon av prosjektet. Bruke media for å gjere prosjektet kjent.

Sak 5/20 - Møteplan

Neste møte blir 30. september 2020.